



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd 13.04.2023 Digitalt 1330-1430

Til stades:

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Ida Djupevåg
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Malene Utskot
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Are Dalseide
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Martinius Næss Solheim
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Marie Hoel-Hansen
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Camilla Solberg

Ikkje tilstades

Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Emilie Srow
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Sophia Basilio
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Johanne Hjeltnes

Kontaktpersonar:

Kvam herad:	Kari W. Vik
Ullensvang kommune	Linn Østerbø
Ulvik herad	Tor Schei Hellesnes
Hardangerrådet iks:	Trude Lægreid Rinaldo

SAKLISTE:

HU-sak 12/23 **Oppfølging av saker på sist møte**

Rådene har ikkje hatt møte der dei har drøfta desse sakene, så arbeid med kollektivtransport, rus-og psykisk helse og BUlyst fortset i neste møte. Oppfordrar alle til å lesa møtebok frå 23.03.2023

HU-sak 13/23 **Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd**

Kvam

Kvam ungdomsråd har vore arrangør av ein ALLEMED UNG- dugnad 13.4.2023. Ungdomsrådet i Kvam hadde eit arbeidsmøte i forkant der dei planla dugnaden og fordelte arbeidsoppgåver. På ALLEMED UNG- dugnaden samla me representantar frå dei ulike elevråda på ungdomskulane, dei vidaregåande skulane, ungdomsbasen og ungdomsrådet til ein felles dugnad for å finna ut korleis ungdom skal kunna delta på fritidsaktivitetar. Ungdomane arbeidde med ulike case for å mellom anna få kartlagt ulike hindringar for deltaking på fritidsaktivitetar og om det er fritidsaktivitetar som me manglar i Kvam.

Her er ei lenkje til litt av det me har halde på med:

[https://assets.website-files.com/5f4e2bcd0095c581bfeb90ad/6346ab832b5dcb6d370cd4f3_4\)%20Kj%C3%B8replan.pdf](https://assets.website-files.com/5f4e2bcd0095c581bfeb90ad/6346ab832b5dcb6d370cd4f3_4)%20Kj%C3%B8replan.pdf)

Kvam sender 3 representantar til Fylkesting for ungdom (FFU) 14.-16.04.23

Ida og Malene skal på demokrati konferanse i Kristiansand, der dei er invitert til å halda innlegg.

Eidfjord

Eidfjord har hatt møte der me behandla stønad til 16. mai og innvilga kr. 30.000. [Eidfjord Ungdomsråd 20.03.2023 - Eidfjord kommune](#)

Me sender 3 ungdommar til VFU i helga. Leiar, nestleiar og ein observatør.

Ullensvang

Ullensvang ungdomsråd hadde møte 23/03 /23, der behandla dei søknad om stønad til 16.mai arrangment og vedtok å gje kr 50.000,-.

Sak om "Barn og unges kommunestyre i Ullensvang"

Isak er einaste utsending til FFU

Ungdomsrådet har planar om å invitera til politisk debatt i Ullensvang, for å høyra kva politikarane meiner om saker som gjeld barn og unge med tanke på framtida og valget til hausten.

Ulvik

Ikkje hatt møte siden sist.

Voss

Ikkje hatt møte sidan sist.

HU-sak 14/23 Drøfting saker melde inn ved møtestart.

Møteplan. Dette var siste møte før september. Skl rådet ha eit ekstra møte i juni?

Fleirtalet vil ha eit debrief møte saman med Teambuilding.

Arbeidsgruppe for dette møtet er Camilla Solberg, Are Dalseid og Trude Rinaldo.

Ullensvang kommune v/ Linn oppfordrar ungomen å melde seg på 16.mai arrangement!

Kinsarvik 13.04.2023

Trude Lægreid Rinaldo

Sekretær Hardanger og Voss Ungdomsråd